



Vatnastøl - var setra til Dønhaug og Myklebust (Foto: Kristian Olav Bringedal)

Ei gruppe entusiastar frå heile kommunen har i 2 års tid arbeidt ned å samla det er er att av støls- og seterhistorie og også Uskedalen er sterkt inne i biletet.

Materialet kjem ut i bokform til hausten og boka vil vera i sal i god tid før jul. Kvinnherad Mållag er utgjevar og får eit eventuelt overskot.

Lars Børge Sæberg har på vgne av prosjektet søkt om kommunalt bidrag. Boka vert i A 4-format, får 250 sider og blir spekka med fakta om kvar av dei over 200 stølane og sentrane. Førsteopplaget er 600 eksemplar,

Det er imponerende nok lagt ned nær 3 000 timar i dugnadsinnsats utan betaling og i tillegg kjem trykking for 175 000.

Ved sal av 550 bøker i bokhandel vil prisen bli 400 kroner, men det synes komiteen er i drygaste laget og ønskjer reduksjon med 50 000 eller 75 000 slik at prisen blir 350 eller 250.

Boka vi dokumentera bruken av fjellet før i tida. Det er av interesse for kommunen og difor vil eit sponsorsamarbeid med kommunen vera interessant, meiner eldsjelane bak boka.

Av Ola Matti Mathisen